

Handsaming i Formannskapet 11.04.2019:

Framlegg frå V v. Børge Skårdal:

- «Kollektivtilbod og skuleskyss» blir erstatta med «Kollektivtilbod/ekspressbuss og skuleskyss
- Eit nytt punkt: Vinje kommune vil peike på store interne avstandar og avstand til fylkeshovudstaden som ein viktig del av utfordringsbiletet.

Framlegg frå Sp v. Kjetil Vaagen:

Landbruk skal leggest til i punkt 1.

Framlegget frå rådmannen med endringsframlegg frå Skårdal og Vågen blei samrøystes vedteke.

- 1. Vinje kommunestyre ser områda samferdselsutvikling, reiseliv, næringsutvikling, landbruk, vidaregåande skuletilbod på Dalen, samarbeidet med USN, kollektivtilbod/ekspressbuss og skuleskyss, samt samfunnstryggleik og beredskap inkludert likeverdige akuttmedisinske tenester som viktige at regionen i fellesskap prioriterer framover.**
- 2. Vinje kommunestyre ønskjer at fylkeskommunen held fram med Arena-møter der særskilde tema blir behandla, og ordførarmøter der open dialog blant deltakarane er prioritert.**
- 3. Vinje kommune vil peike på store interne avstandar og avstand til fylkeshovudstaden som ein viktig del av utfordringsbiletet.**

Saksordførar: Børge Skårdal